

KSK-notat nr.: 114/2014 - Bakgrunn for vedtak - småkraftverk

Søker/sak:	Miljateig Skålnes Kraftverk AS / Miljateig/Skålnes kraftverk		
Fylke/kommune:	Hordaland / Etne kommune		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	:	
Sakshandsamar:	Bård Ottesen	:	
Dato:			
Vår ref.:	200906477-23		

Søknad om løyve til å byggje Miljateig/Skålnes kraftverk i Etne kommune i Hordaland

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	7
NVEs vurdering	10
NVEs konklusjon	19

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk i Etne kommune. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Miljateig/Skålnes kraftverk.

Miljateig Skålnes Kraftverk AS vil utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva. Kraftverket vil bli bygd med to hovudinntak, to rørgater og to turbinar. Sjå vedlegg 1 for oversikt. Det er planlagt eit inntak på kote 395 (inntak 1) i Miljateigselva, der vassvegen vert grave ned heile vegen fram til kraftstasjonsplassering ved sjøen på kote 2,5. Det andre inntaket er planlagt på kote 445 (inntak 2) i ei sidegrein til Miljateigselva. Skålneselva vert overført til Fjellbekken kring kote 680, og Fjellbekken vert ført over til inntaket på kote 445. Frå inntaket på kote 445 (inntak 2) går vatnet i fullprofilbora tunnel til kote 195. Det vert felles nedgrave rørgatetrase for dei to vassvegane frå kote 195 og fram til kraftstasjonen ved sjøen. Nedbørfeltet til inntaket på kote 395 i Miljateigselva er 1,91 km² med ei middelvassføring på 229 l/s. Totalt nedbørfelt for inntaket på kote 445 (inntak 2) med overføring av Skålneselva og Fjellbekken vert 4,7 km² og middelvassføring 610 l/s. Kraftverket er planlagt med to turbinar med installert effekt på 1500 kW for inntak kote 395 (inntak 1), og 4400 kW for inntak kote 445 (inntak 2). Maksimal slukeevne vert høvesvis 460 l/s og 1220 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 5 GWh og 14,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande

alminneleg lågvassføring ved hovudinntaka og overføringsinntaka. Det vil bli bygd veg fram til inntaket på kote 395 (inntak 1) og mellombels veg fram til kote 445 (inntak 2).

Etne kommune støttar omsøkte planar for bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk, og meiner at tiltaket syner overvekt av nytte i høve ulemper. **Hordaland fylkeskommune** er ikkje i mot utbygginga, under føresetnad av at utbygginga tek omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. **Fylkesmannen i Hordaland** rår ifrå bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk då det vil føre til tap av inngrepsfri natur. **Naturvernforbundet i Hordaland** er sterkt kritisk til utbygginga og rår i frå utbygging. Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Naturvernforbundet viser til dei samla verknadane av fleire kraftutbyggingar i området og at det må gjerast ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og spesielt vektleggje nasjonale og regionale verdier i fjellområdet mellom Etne og Sauda. Fylkeskommunen og Fylkesmannen meiner også at det er naudsynt å overvake og ev. vurdere ei større minstevassføring for å ta vare på den raudlista arten kysttettemose. **Statens vegvesen** har ingen større merknader. **Skånevik Ølen Kraftlag (SØK)** uttaler at det ikkje er kapasitet på dagens overføringsnett. **Grunneigarar** på tilgrensande eigedomar Kåre Olav Krognestad og Hege By (gbnr 11/4) og Kjell Magne Markhus (gbnr 11/20, 30) viser til ulemper ved plassering av kraftstasjon og andre inngrep like ved deira eigedomar.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 19,5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein relativt stor produksjon for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2011–13) har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjevne i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Miljateig/Skålnes kraftverk vil medføre betydelege terrenginngrep i eit fjordlandskap med verdi for friluftsliv og reiseliv. Vi har og vektlagt at tiltaket påverkar ein viktig innfallspor til viktige fjellområde og reduserer villmarksprege naturområder. NVE meiner at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak som vil redusere terrenginngrepa og verknad for landskap, friluftsliv og reiseliv. NVE har og lagt vekt på at tiltaket kjem i konflikt med ein raudlista art (VU – sårbar) og to naturtypar av middels verdi (B).

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt, og vi avslår difor søknaden frå Miljateig Skålnes Kraft AS om løyve til å bygge Miljateig/Skålnes kraftverk.

NVE har samstundes med dette vedtaket fatta vedtak til søknader om Ripelselva kraftverk og Hetleflåt kraftverk og vidare sendt innstilling til Olje- og energidepartementet om vasskraftutbygging i Rullestad og Skromme, og ny kraftline frå Rullestad til Blåfalli i Kvinherad.

Vi har gitt konsesjon til Ripelselva kraftverk og Hetleflåt kraftverk. Vidare har vi i vår innstilling tilrådd at det vert gitt konsesjon til eit redusert alternativ for utbygginga i Rullestad og Skromme med naudsynt tilknytning til kraftline. NVE har sett vedtaka i heilskapleg samanheng.

Fylkesmannen i Hordaland har fremja motsegn til Hetleflåt kraftverk, og NVE sitt vedtak i denne saka vert sendt over til departementet for endeleg avgjerd med mindre Fylkesmannen trekkjer si motsegn innan klagefristen går ut.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Miljateig Skålnes Kraft AS, datert 24.05.2013:

«Miljateig Skålnes Kraft AS SUS ønskjer å utnytte vassfallet i Miljateig og Skålnes elva i Etne kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Miljateig Skålnes Kraftstasjon med inntak 2 stader i Miljateigselva
- å overføre vatn frå Skålneselva til Miljateigselva
- å overføre vatn frå Fjellbekken til Miljateigselva

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Miljateig Skålnes Kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.»

Miljateig/Skålnes kraftverk, omsøkte hovuddata

TILSIG		Inntak 1 Miljateigselva K395	Inntak 2 Tunnelinntaket K445 + Skålneselva + Fjellbekken
Nedbørfelt	km ²	1,91	4,7 (2,78 + 1,43 + 0,47)
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	7,22	19,18 (11,48 + 6 + 1,66)
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	120	131 + 134 + 112
Middelvassføring	l/s	229	610 (364 + 192 + 53)
Alminneleg lågvassføring	l/s	7	22 (14 + 7 + 1)
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	23	76 (47 + 24 + 5)
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	8	22 (14 + 7 + 1)
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	395	445
Avløp	moh.	2,5	2,5
Lengde på aktuell elvestrekning	m	1640	1800 + 1650
Brutto fallhøgde	m	392,5	437,5
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,62	0,75
Slukeevne, maks	l/s	460	1220
Minste driftsvassføring	l/s	15	35
Planlagt minstevassføring	l/s	7	22 (14+7+0)
Tilløpsrør, diameter	mm	500	700
Tunnel, m ² /diameter	mm	-	0,4/700
Tilløpsrør, lengde	m	1630	990
Borehol	m	-	550
Installert effekt, maks	kW	1500	4400
Årleg driftstid	timar	3300	3300

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3	8
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2	6,5
Produksjon, årleg middel	GWh	5	14,5

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	50
Utbyggingspris	kr/kWh	2,56

Miljateig/Skålnes kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	1,6 + 4,7
Spennning	kV	6,6

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	6,6
Omsetning	kV/kV	6,6/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	m	590
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Luft

Om søkjar

Tiltakshavar er Miljateig – Skålnes Kraftverk AS (SUS), eit privat aksjeselskap eigd av grunneigarane med fall- og grunnrettigheitar. Eigarane er Egil Næsheim, Harald Miljeteig og Ingrid Skålnes. Verksemda skal nytte vassressursane på eigedomane til kraftproduksjon. Eigarane driv i dag gardsbruk.

Skildring av området

Tiltaket er lokalisert på sørsida av Åkrafjorden ved Markhus som ligg i Etne kommune i Hordaland. Miljateigselva og Skålneselva munnar ut i Åkrafjorden like aust for Markhus, om lag 10 km vest for Fjæra. Infrastruktur og busetnad ligg nedst langs fjorden, og det er her ein finn storparten av eksisterande inngrep. Bygda Markhus består i første rekkje av eldre bustadhus og mindre gardsbruk. Markhus ligg på eit platå eit stykke opp frå fjorden. Det er privat veg opp til Markhus frå den gamle europavegen. Den nye E-134 går langs heile Åkrafjorden og under Markhus går vegen i tunnel, Markhustunnelen. Det er små kulturlandskapsområder kring busetnaden, og det er planta noko gran i nedre delar av lia ned mot Markhus. Frå den private vegen opp til Markhus, går det ein landbruksveg opp lia langs Miljateigselva, og inn i tiltaksområdet. Landskapet er generelt prega av steile fjellsider og skogkledd fjordlandskap med grov blokkmark og lite lausmassar. Dei påverka elvelaupa renn til dels gjennom markerte bekkekløfter, og til dels gjennom meir ope terreng.

Teknisk plan

Vi syner til vedlegg 1 for oversikt over prosjektet.

Inntak og overføring

Prosjektet får to hovudinntak og to overføringsinntak.

Inntak 1 K395

Inntaket er planlagt på kote 395 i Miljateigselva der to forgreiningar/bekkar møtes. Inntaket vert utført som ein betongplatedam med høgd ca. tre meter og lengd ca. 15 meter. Inntaket vert utstyrt med inntakskum, rist og konus. Inntakskummen vert ca. 2 x 3 meter, og det vert sett opp ei enkel dambu over kummen. Inntaksdammen får ei lengd på ca. 20 meter. Arealet av dammen vert ca. 200 m² med eit vassvolum på ca. 300 m³. I dammen vert det montert inn røyr med måleutstyr for slepp av minstevassføring samt dokumentasjon av denne. Det skal sleppast ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring, dvs. 7 l/s ved inntak 1.

Inntak 2 – Tunnelinntaket K445

Inntaket vert plassert ved kote 445 i ei sidegrein til Miljateigselva. Inntaket vert bygd veglaust ved hjelp av taubane. Vassvegen vert fullprofilbora tunnel frå kote 195 og fram til inntaket. Det vert laga ein betongplatedam som sperredam for å leie vatnet inn i tunnelen. Dammen vert utstyrt med eit inntakskammer på ca. 3 x 3 meter, med rist og utstyr for trådløs kommunikasjon mot kraftstasjonen. Sperredammen får ei lengd på ca. 20 meter, og ei høgd på ca. 2,5 meter. Volumet på dammen vert ca. 400 m³. I dammen vert det montert inn røyr med måleutstyr for slepp av minstevassføring samt dokumentasjon av denne. Det skal sleppast ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring, dvs. 14 l/s ved inntak 2.

Overføring av Fjellbekken

Fjellbekken er planlagt overført ved kote 460 via kanal eller røyrgate fram til inntak 2 (kote 445). Inntaket til kanalen får ei kapasitetsavgrensing på ca. 500-550 l/s, då delar av vassføringa i Skålneselva vert overført til Fjellbekken. Nedbørfeltet til Fjellbekken er på 0,47 km². Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring ved overføringsinntaket i Fjellbekken då det er vurdert at nedbørfeltet er så lite at det er utan årssikker vassføring.

Overføring av Skålneselva

I Skålneselva ved kote 680 vert det laga eit overføringsinntak. Inntaket vert bygd veglaust ved hjelp av taubane. Overføringsinntaket vert utført som ein enkel betongplatedam med inntakskammer og røyr for slepp av minstevassføring. Røyrret vert utstyrt med måleutstyr for dokumentasjon av minstevassføringslepp. Det skal sleppast ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring, dvs. 7 l/s. Overføringa får ei kapasitetsavgrensing på 350-400 l/s. Vatnet frå Skålneselva vert ført via eit 400 mm sveist PE-røyr lagt i dagen. Røyrret vert festa til fjellet på sida av Skålnesjuvet, for så å kunne leggjast på ei hylle bortetter lia til ein sidebekk til Fjellbekken. Overføringsrøyrret vert ca. 680 meter.

Vassveg

Det vert felles røyrгатetrase frå sjøen og opp til kote 195. Røyrгата vert duktile støypejarnsrøyr og vert nedgrave heile vegen. Røyrгата for inntak 1 på kote 395 vert i dimensjon DN500, og får ei lengd på 1630 meter. Røyrгата for inntak 2 vert i dimensjon DN700, og får ei lengd på 990 meter. Det vert vidare drive ein fullprofilbora tunnel frå kote 195 og opp til inntak 2 ved kote 445. Tunnelen vert 550 m lang og vert bora med eit areal på 0,4 m² og diameter 0,7 meter. Det er planlagt å nytte teknologi av typen Nordhard, med fullprofilboring i ein operasjon nedanfrå påhogget.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert nede ved sjøen med golvnivå 2,5 meter over havnivå. Kraftstasjonen får installert to Peltonturbinar med effekt på 1500 kW for inntak 1, og 4400 kW for inntak 2. Stasjonen får

eige rom for kontrollanlegg, koplingsanlegg og høgspenningsanlegg. Stasjonen får eit areal på ca. 120 m².

Elektriske anlegg og nettilknytning

Det er planlagt installert to generatorar. Ein på 1600 kVA og ein på 4700 kVA, spenning 6,6 kV. Spenninga vert transformert opp til 22 kV og transformatoren vil få ei yting på 6,6 MVA. Transformatoren vil bli plassert inne i kraftstasjonsbygget. Det er planlagt ca. 590 meter luftline frå kraftverket til næraste 22 kV nett i Markhustunnelen ved nye E-134.

Det er i dag ikkje kapasitet på regionalnettet til å ta i mot krafta frå anlegget. Det er planlagt og søkt om utbygging av ny 66 kV kraftlinje som skal byggast av SKL Nett. Denne utbygginga vil utløyse nettilknytning for fleire kraftverk. Det er avklara at når denne høgspenninga er på plass kan Miljateig/Skålnes kraftverk knyta seg til.

Veg

Det går i dag ein landbruksveg inn i nedre del av elvedalen langs Miljateigselva. Denne startar frå bilvegen opp til Markhus, og endar i dag ved kote 230. Denne vegen er tenkt rusta opp og brukt til røyrtrase, samt tilkomst for inntak 1. Vegen er planlagt forlenga med ca. 750 meter opp til inntak 1 ved kote 395. Vegen vert oppgradert/bygd om til traktorveg klasse 7. Røyrtrase skal leggjast i, eller langsetter vegen.

Det er planar om ein mellombels veg fram til påhogg for tunnel og mellombels riggplass ved kote 195. Denne vegstubben vert ca. 100 meter, med riggplass på ca. 100 m² i enden av vegen. Etter at tunnelen vert ferdig, vert riggplassen flytta noko lenger opp, for så å verte base for taubanen.

Det skal byggjast veg frå den gamle E-134 vegen og ned til kraftstasjonen ved sjøen. Denne vegen vert ca. 40 meter lang, med utsprenging av stasjonstomt og snuplass i enden.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt deponi av tunnelmassar. Massane er tenkt nytta til forsterking av veg, og mogleg også som omfyllingsmassar kring røyrtrase. Det kan vere aktuelt med uttak av morenemassar ulike stader langs vegtraseen for å nytta dei til toppdekke på vegen. Desse uttaka vert små og fordelt over ulike stadar. Eventuelle stadar for uttak vert utjamna og revegetert under ferdigstillinga av anlegget.

Arealbruk

Det totale arealbehovet ved bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk vil vere om lag 30 dekar, der 15 dekar er varige beslag og 15 dekar vert tilbakeført. Størsteparten av dei varige arealbehova, ca. 12 dekar, vil gå med til trasé for veg. I tillegg vil kraftstasjonen med tilkomstveg krevje ca. 1,25 dekar og inntaksdammar ca. 0,5 dekar.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommuneplanens arealdel er området regulert som LNF-område.

Samla plan (SP)

Tiltaket er tidlegare ikkje handsama i samla plan, og er under grensa for slik handsaming.

Verneplan for vassdrag

Vassdraga er ikkje verna etter verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket er tenkt plassert i ytterkanten av eit større INON område som inneheld INON sone 2 (mellom 3 og 1 km frå inngrep), sone 1 (mellom 5 og 3 km frå inngrep), og villmarksprega naturområde (5 km eller meir frå inngrep). Nye inngrep i samband med utbygginga vil redusere villmarksprega område med om lag 3,2 km² og INON sone 1 med om lag 0,6 km². INON sone 2 aukar med om lag 0,3 km² som eit resultat av reduksjon i dei to andre sonene (Miljødirektoratet sin Bortfallskalkulator 11112014: <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/1196-CSMPEW/pdf>).

Nasjonale laksevassdrag

Miljateigselva og Skålneselva er ikkje nasjonale laksevassdrag, og Åkrafjorden er ikkje nasjonal laksefjord.

Andre verneområde

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med verna område.

Fylkesvise planar for småkraftverk

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd regional plan for småkraft. Dei overordna rammene for planen er at "Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast". Utbygginga av Miljateig/Skålnes kraftverk kjem i berøring med følgjande verdsette og markerte lokalitetar i fylkesplanen:

- Miljateigselva og Skålneselva ligg i eit område av Åkrafjorden gitt middels verdi i temakart for fjordlandskap.
- I verdikart for biologisk mangfald er nedre del av Miljateigselva og Skålneselva markert som bekkekløft med potensial. Utbyggingsområdet er også registrert som område med artsdata av noko verdi, samt tre punkt med registrering av «andre fuglar» med noko verdi.
- Øvre del av Miljateigselva og Skålneselva ligg i eit område som er gitt middels verdi i temakart for inngrepsfrie naturområde.
- Fjellområde Etnefjella søraust for Miljateigselva og Skålneselva, samt areala kring DNT stien mellom Markhus og Sandvasshytta, er registrert som regionalt friluftsområde med stor verdi i temakart for friluftsliv. DNT-stien mellom Markhus og Sandvasshytta er også merka i temakartet. Området er også gitt stor verdi i temakart over sårbare høgfjellsområde.
- Guida tur med båt på Åkrafjorden er markert i temakart for reiseliv.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 16.10.2013 saman med representantar for Etne kommune, Fylkesmannen, Naturvernforbundet, søkjar og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Etne kommune

Kommunestyret handsama saka i møte den 01.10.2013 og fatta følgjande vedtak i sak K-053/13:

«Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig Skålnes kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygginga. Reduksjonen i kraftproduksjon på heile 10, 1 GWh ved alternativ løysing gjer dette ikkje tilrådeleg samanlikna med hovudalternativet. Sistnemnte gir også større restvassføring i Skålneselva, noko som reduserer ulempene for biologisk mangfald, landskapsverdiar og kulturminne (Skålnes bru). Dette meir enn kompenserer for bortfallet av urørt natur samanlikna med alternative løysing. Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein heller ikkje sjå på verknadene av Miljateig/Skålnes kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.»

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer med følgjande i deira uttale av 01.10.2013:

«Fylkesmannen rår ifrå utbygging av Miljateig Skålnes kraftverk, då det vil bidra til store, nye tap av inngrepsfri naturområde, inkludert villmarksområde. Vi legg til grunn at NVE vil gjere ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og spesielt vektleggje nasjonale og regionale verdiar i fjellområdet mellom Etne og Sauda.

Det er nødvendig å overvake førekomsten av kysttettmose for å ha betre kunnskap om arten vil tole redusert vassføring, jf. naturmangfaldlova § 9.»

Hordaland fylkeskommune

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 25.09.2013 som sak 216/13, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

«1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdere den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.

2. Det bør undersøkast om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår i landskapet i eit området opp mot sårbart høgfjell.

3. Det må gjerast vurderingar av minstevassføring for å sikra den raudlista kysttettmosen og den verdifulle naturtypen bekkeløft.

4. Det må gjerast vurderingar av om elvar og fossar som er synlege frå fjorden vert råka og endrar landskapsrommet.

5. Anleggsarbeidet må leggjast utanom spillperioden til storfuglen og kvitspettryggen.

6. Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.»

Statens vegvesen har komme med uttale den 01.08.2013 der dei mellom anna skriv følgjande:

«Statens vegvesen forstår søknaden slik at det ikkje skal sprenges nær Markhustunnelen. Det vil være behov for en avkjørsel for kraftstasjon fra gamle E134 til Markhus. Det skal føres fram kabler/linjer for overføring av kraft.

I søknaden går det fram at utbyggingen ikke vil påvirke Staten vegesen sine installasjoner i særlig grad. Vi har derfor ingen motforestillinger til at utbyggingen kan tiltates.

Vi vil allikevel peke på at vi vil holde utbygger ansvarlig for skader på våre innstallasjoner som følge av utbygging og drifting av dette anlegget.»

Skånevik Ølen Kraftlag (SØK) har komme med uttale den 14.06.2013 der dei skriv følgjande:

«Slik overføringsnettet er dimensjonert i aktuelle område er det ikkje kapasitet til å gi adgang til ny kraftproduksjon. For at vi kan gi klarsignal for dette er vi avhengig av oppdimensjonering av eiga nett samt at det vert aktuelt å bygge nytt 66/22 kV koplingsanlegg ved Tøsse (Eikemo) i Etne kommune. Ein må vidare bygge ny 66 kV overføringslinje mellom Eikemo og over til Blåfalli 3 i Kvinnherad kommune. SKL Nett AS som har sitt hovedkontor på Stord har inne konsesjonssøknad hos NVE for nemnde overføringsanlegg, dvs, dette er del av prosjektet som inngår i SKLs konsesjonssøknaden som gjelder 66 kV overføringsanlegg mellom Rullestad-Tøsse i Etne kommune og Blåfalli 3 i Kvinnherad kommune.»

Naturvernforbundet Hordaland konkluderer med følgjande i deira uttale av 25.08.2013:

«Miljateig-Skålnes Kraft AS har søkt om konsesjon til å bygge ut Miljateig- og Skålneselva i Etne kommune til kraftproduksjon, ved å utnytta fallet i Miljateigelva og Skålneselva til Åkrafjorden. Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er sterkt kritisk til dette. Utbygginga vil medføre nær tørrlegging av nedre delen av Miljateigelva og sterkt redusert vassføring i Skålneselva, med konsekvensar for truga naturtypar (bekkekløft- og fossesprøytoner). Den medfører også ein stor reduksjon i arealet av det siste villmarksprega området i Etnefjella og store landskapsmessige skader på fjordlandskapet ved Åkrafjorden.»

Geir Jarle Halleraker er grunneigar på gbnr. 111/9 og har komme med følgjande uttale 14.08.2013:

«Etter dom i Haugaland tingrett av 17.06.2013, som sier at eiger av Gårdnr. 111 Bruksn. 9 i Etne kommune har fallrett i Miljateigelve på østre side, der bruk nr,9 grenser til elva. Dette gjelder en strekning på over 500 meter.

På grunn av dette ber eg om at konsesjonen bli utsatt til endelig dom eller at en avtale blir gjort mellom konsesjonsøkere og eiger av bruk nr,9.»

Kjell Magne Markhus er grunneigar på gbnr. 111/30 og 111/20 og har komme med følgjande uttale 17.08.2013:

«Som eiere av eiendommen Hauane 111/30 og 111/20 er vi nærmeste nabo til der kraftverket er planlagt ved fjorden da selve kraftverket er planlagt ganske langt unna utløpet for elven.

Med under 50 m til nabogrense og ca 70 m til bolighusene er det svært viktig for oss at hensynet til støy blir ivaretatt på beste måte. Dette kan være krav til selve bygget, ventilasjonsluker vendt bort fra Hauane, utløp under vann og ellers andre kjente og anbefalte tiltak fra undersøkelser foretatt ved eksisterende sammenlignbare kraftverk.

Vi har i dag lite støy på vår eiendom og skulle vi få en støykilde som er der 24 timer i døgnet, så vil dette være svært forringende for vår eiendom.»

Kåre Olav Krognos og Hege By er grunneigarar på gbnr. 111/4 og har komme med følgjande uttale 23.08.2013:

«Vi kjøpte gården som grenser til utbyggingselven med hovedide om å skape grunnlag for å skape aktivitet innen turisme siden gården ligger ved innfallsporten til Etnefjellene der det er merket løypenett og bygget ut med nye og store turisthytter. Vi har i samarbeid med Friluftsrådet Vest tilrettelagt ny stor parkeringsplass på egen eiendom slik at det skal bli lettere for folk å komme seg til fjells.

Vi har også blitt innvilget midler fra Innovasjon Norge bygdeutviklingsmidler BU-midler (vedlegg 1) for å se på mulighetene for å skape en aktivitetspark for aktiv turisme. Vi har satt denne prosessen på vent i påvente av resultatet av søknad om konsesjon.

Plassering av kraftstasjon vil få store innvirkninger for oss siden kraftstasjonen grenser til vår brygge og naustplass.

Vi stiller oss også meget negativt til at det er søkt om utbygging i alle tre elver som er i Markhuslia. Det bør også legges til grunn at dette området inngår i en landskapspark som ligger inn under Hordaland fylke.

Vi stiller oss også meget spørrende til prosessen som ligger til grunn for søknad. Det har vært lite åpenhet fra utbygger angående prosjektet.»

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har ikkje kommentert høyringsuttalane.

NVEs vurdering

I NVE si vurdering er det også tatt omsyn til andre konsesjonssøknader i same området med samtidig handsaming. Det gjeld dei to småkraftutbyggingane på sørsida av Åkrafjorden; Ripelselva kraftverk og Hetleflåt kraftverk, samt vasskraftutbygginga i Rullestad og Skromme. Det er og tatt omsyn til handsaming av dei to kraftverka på nordsida av Åkrafjorden; Djuvselva kraftverk og Kvanndalselva kraftverk der det vart fatta vedtak den 01.04.2014. Djuvselva kraftverk fekk løyve til utbygging medan Kvanndalselva kraftverk ikkje fekk løyve.

NVE har lagt til grunn utbygginga slik den er omtalt ovanfor og presentert i søknaden. I søknaden er det nemnt to alternative utbyggingsløysingar (side 36). Eit alternativ er å byggje berre eitt inntak på kote 220 der elvane møtast, og å overføre Skålnesselva som tidlegare planlagt. Det andre alternativet er

å overføre Skålneselva ved å byggje eit Y-inntak mellom Skålneselva og tunnelinntaket (inntak 2) med inntak på omlag same høgd. Dei to alternativa vert omtalt som mindre gunstige når det gjeld produksjon og økonomi, og er ikkje utgreidd av søkjar. NVE har ikkje vurdert desse alternativa.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Dei to kraftverka nyttar eit samla nedbørfelt på 6,6 km². Inntak 1 (Miljateig K395) har eit nedbørfelt på 1,9 km². Inntak 2 (Tunnelinntaket K445) har eit samla nedbørfelt, med overføringa av Skålneselva og Fjellbekken, på 4,7 km² (2,78+1,43+0,47). Middelvassføringa ved inntak 1 og inntak 2 er berekna til høvesvis 229 l/s og 610 l/s (364+192+53). Effektiv innsjøprosent er på 0 % og snaufjellandelen er 78 % for inntak 1. Inntak 2 har ein effektiv innsjøprosent på ca. 1,3 % og snaufjellandelen er ca. 90 %. Det er ingen brear i nedbørfelta. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vår- og haustflaumar. Flaumane om våren er gjerne meir langvarige og med lågare maksimumsvassføring enn haustflaumane, som er typiske regnflaumar. Lågaste vassføring opptreer gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring ved inntak 1 er berekna til høvesvis 23 og 8 l/s, ved inntak 2 (Tunnelinntaket) 47 og 14 l/s, ved overføring frå Skålneselva 24 og 7 l/s, og ved overføringa i Fjellbekken 5 og 1 l/s. Alminneleg lågvassføring for elvene ved inntaka er berekna til 7 l/s ved inntak 1, 14 l/s ved inntak 2, 7 l/s ved overføring Skålneselva og 1 l/s ved overføring Fjellbekken.

Maksimal slukeevne i kraftverka er planlagt til 460 l/s og 1220 l/s. Minste driftsvassføring er 15 l/s og 35 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring ved inntak 1, inntak 2 og overføringsinntak i Skålneselva. Ved overføringsinntaket i Fjellbekken er det ikkje planlagt slepp av minstevassføring då delfeltet er så lite at det ikkje er årssikker vassføring. I følgje søknaden vil dette medføre at om lag 83 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon ved inntak 1. Utnyttingsgraden ved dei andre inntaka er ikkje berekna i søknaden, men vil ligge i same storleiksorden for inntak 2 og inntak i Skålneselva, då slukeevne/overføringskapasitet ligg kring 180-200 %. Utnyttingsgraden i Fjellbekken er større då overføringskapasiteten ligg kring 280 % av middelvassføringa (overføringskapasitet 500 l/s – maks overføring frå Skålneselva på 350 l/s).

NVE gjer merksam på at alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ein usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarande 200 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring lik alminneleg lågvassføring, vil dette gi ei samla restvassføring på ca. 39 l/s rett nedstraums inntak 1 som eit gjennomsnitt over året. Ein utnyttingsgrad kring 200 % ved inntak 2 og inntaket i Skålneselva vil gi restvassføringar like nedstraums inntaka på høvesvis ca. 73 l/s og 38 l/s. Det meste av dette vil komme i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp i eit middels vått år ved inntaksdam 1 i 74 dagar, ved inntak 2 i 21 dagar, ved overføringsinntak i Skålneselva i 71 dagar og ved overføringsinntak i Fjellbekken vert det ikkje overlaup. I berekningane er det nytta for låg slukeevne ved inntak 1 (403 l/s) og inntak 2 (1066 l/s). Dette gjer til at verkeleg tal dagar med overlaup vert noko lågare enn berekna ved desse inntaka. I periodar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med ca. 86 l/s i Miljateigselva og 86 l/s i Skålneselva ved utløp til sjø.

NVE meiner at den omsøkte maksimale slukeevne er stor, men at den opprettheld noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk ettersom vassdraget er prega av rask avrenning (78-90 %

snauffjellandel) med store vassføringsvariasjonar og høge flaumtoppar. Det er særleg vassføringsregimet i perioden mai til august som vil bli endra.

Produksjon og kostnader


Søklar har rekna ut gjennomsnittleg kraftproduksjon for Miljateig/Skålnes kraftverk til 19,5 GWh. I kostnadsoverslaget er utbyggingskostnadene sett til 50 mill. kr med kostnadsnivå for 2012. Spesifikk utbyggingspris blir dermed 2,56 kr/kWh.

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søklar sine egne berekningar. Det vil likevel vere søklar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsmda i prosjektet.


Inngrepsfrie naturområder (INON)

Miljateig/Skålnes kraftverk vil redusere inngrepsfrie naturområder som vist i kart og tabell nedanfor. Data er henta frå Miljødirektoratet sitt kartverktøy over inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON). NVE legg til grunn INON-grenser per januar 2013 i den vidare vurderinga, slik dei er vist på Miljødirektoratet sitt kart over inngrepsfri natur. NVE vurderer at inngrepa knytt til overføring av Fjellbekken er så små at desse ikkje kan reknast som tyngre tekniske inngrep. Bekken som vert overført har eit nedslagsfelt på 0,47 km² og har truleg ikkje årssikker vassføring. Vi har berekna reduksjon i inngrepsfrie naturområder ut i frå påverka elvestrekning nedstraums inntaket i Miljateigselva på kote 395, samt veg fram til dette inntaket. Vi har også berekna reduksjon ut i frå påverka elvestrekning nedstraums Tunnelinntaket på kote 445 og elvestrekning nedstraums overføringsinntak i Skålneselva. <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/1157-LSWBMZ/pdf>

Situasjon før inngrepet:



Situasjon etter inngrepet, hovudalternativet:



Kjelde: Miljødirektoratet. INON 01.13

Bortfallskalkulator	Bortfall/auke i km ² Miljateig-Skålnes
Villmarksprega naturområder (5 km eller meir frå inngrep)	- 3,24
Inngrepsfri sone 1 (mellom 5 og 3 km frå inngrep)	- 0,57
Inngrepsfri sone 2 (mellom 3 og 1 km frå inngrep)	+ 0,29
Inngrepsnære naturområder (under 1 km frå inngrep)	+ 3,51

I "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland" er inngrepsfrie naturområde på sørsida av Åkrafjorden og Etnefjella gitt middels og stor verdi. Villmarksprega naturområde i Etnefjella er gitt stor verdi. Andre inngrepsfrie område er gitt middels verdi.

Fylkesmannen i Hordaland rår ifrå bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk då det vil føre til tap av inngrepsfri natur. Fylkesmannen meiner at det må gjerast ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og spesielt vektleggje nasjonale og regionale verdier i fjellområdet mellom Etne og Sauda. Fylkesmannen har tidlegare fremja motsegn mot bygging av Hetleflåt kraftverk og dei fire utbyggingsalternativa i Rullestad-Skromme som påverkar nasjonale og regionale verdier i fjellområdet og det samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella. Etne kommune og Hordaland fylkeskommune viser også til at tiltaket reduserer inngrepsfrie naturområder og meiner at utbygging må sjåast i samanheng med dei andre planlagde utbyggingane i området.

OED sine retningslinjer for små vasskraftverk seier at villmarksprega områder, samanhengande inngrepsfrie område frå fjord til fjell, og inngrepsfrie område i kommunar og regionar med lite rest-INON, skal gis stor verdi. OED sine retningslinjer seier at ein som hovudregel skal unngå prosjekt som inneber betydeleg reduksjon av INON med stor verdi. Retningslinjene viser også til at etablering av småkraftverk i dei fleste tilfelle vil gi bortfall av INON, og at det er naudsynt å vurdere verdien av INON saman med andre verdier i området som t.d. biologisk mangfald og friluftsliv.

I følge statistikk utarbeidd av Miljødirektoratet var det i 2012 til saman 1506 km² med villmarksprega område i Hordaland, der 27 km² ligg i Etne kommune. Ut frå Miljødirektoratet sine kart ligg ca. 11 km² i Etnefjella. Resten av areala ligg i Folgefonna nasjonalpark. Ei utbygging av Miljateig-Skålnes kraftverk vil medføre tap av 3,24 km² villmarksprega område, det vil sei ca. 29 % av arealet i Etnefjella, 12 % av arealet i Etne kommune og 0,2 prosent av areala i Hordaland. Reduksjonen av villmarksprega areal i Etne kommune og Etnefjella vil bli betydeleg, men svært låg for Hordaland sett under eitt.

INON-området i Etne-fjella er ikkje eit samanhengande område frå fjord til fjell. Av 33 kommunar i Hordaland har Etne kommune det 6. største INON-arealet med ca. 740 km². Etter NVE si vurdering kan ikkje Etne kommune seiast å vere ein kommune med lite rest-INON.

Inndelinga i avstandsoner i INON er eit verkty for å vise inngrepsstatus. Inngrepsfrie soner vert berekna basert på avstand i luftline frå næraste inngrep, men verktøyet tek ikkje høgde for topografi. Opplevinga av urørtheit er eit kvalitetskriterium sjølv om INON-kriteria ikkje er oppfylt. Dette gjer til at eit inngrepsfritt område kan opplevast som urørt sjølv etter eit inngrep. Dette vil gjere seg gjeldande for inngrep i fjellsida og skogsområda ned mot Åkrafjorden. Inngrep i dette landskapsrommet vil ikkje opplevast frå fjellplatået lenger inn i Etne-fjella. NVE meiner difor at graden av konflikt er låg av di inngrepa finn stad i eit anna landskapsrom og såleis ikkje reduserer opplevinga av fjellområdet som urørt og villmarksprega.

NVE har vurdert dei samla verknadane av eksisterande og planlagde utbyggingar av mini- og småkraftverk på sørsida av Åkrafjorden, og vasskraftutbygginga i Rullestad og Skromme. På sørsida av Åkrafjorden er Viskjer kraftverk og Rafdal kraftverk vurdert av NVE til ikkje å vere konsesjonspliktige etter vassressurslova. Av desse er Rafdal kraftverk med overføring av Tretteteigselva realisert. I tillegg til Miljateig/Skålnes kraftverk er det søkt om løyve til å bygge Hetleflåt kraftverk og Ripelselva kraftverk. Kraftverka på sørsida av Åkrafjorden vil alle ligge i skog- og fjellsida mot Åkrafjorden og vil ikkje påverke opplevinga av dei urørte områda som ligg høgare og lenger inn på fjellet. Utbygging av Miljateig-Skålnes kraftverk med vegtilkomst til inntaket vil kunne påverke DNT-ruta frå Markhus til Sandvasshytta, ein av innfallsportane til Etnefjella. Hetleflåt

kraftverk og Ripelselva kraftverk ligg ikkje ved viktige innfallsportar til fjellområda. Utbygging av kraftverka i Rullestad og Skromme vil etter dei mest omfattande planane kunne påverke landskapet og ein viktig innfallsport til dei urørte fjellområda. NVE går i si innstilling inn for eit redusert utbyggingsalternativ for Rullestad og Skromme, der inngrepa knytt til landskapet vert redusert. Eit eventuelt avslag til utbygging av Miljateig-Skålnes vil redusere inngrepa opp mot DNT-ruta frå Markhus til Sandvasshytta. Samla påverknad mot Etnefjella og inngrepsfrie naturområde vert redusert med desse avslaga/reduksjonane.

NVE vil påpeike at bygging av nye vasskraftverk i Noreg vanskeleg kan gjennomførast utan at det samtidig skjer ein viss reduksjon av INON-areal. INON-arealet som fell bort er avgrensa når ein samanliknar med INON-areala i Hordaland. Utbygginga av Miljateig/Skålnes kraftverk vil føre til eit ganske stort tap av villmarksprega naturområde i Etnefjella. Utbygging vil også kunne påverke DNT-ruta frå Markhus til Sandvasshytta, ein av innfallsportane til Etnefjella. NVE vurderer at tiltaket er i strid med OED sine retningslinjer då tiltaket i tillegg til å redusere inngrepsfrie naturområder med villmarkspreg også vil kunne påverke viktige friluftsinnteresser knytt til DNT-ruta og Etnefjella. NVE legg dette til grunn i vår samla vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Landskap og brukarinteresser

Utbyggingsområdet ligg på sørsida av Åkrafjorden. Landskapet er prega av steile fjellsider og skogkledd fjordlandskap med grov blokkmark og lite lausmassar. Over skoggrensa har terrenget eit mjukare preg og går over i småkupert fjell. Infrastruktur og busetnad finn ein nedst langs fjorden, og det er her vi finn hovudparten av eksisterande inngrep. Bygda Markhus består i første rekke av eldre bustadhus og mindre gardsbruk, og ein landbruksveg fører opp til busetnaden frå den gamle riksvegen langs fjorden. Det er små kulturlandskapsområder omkring busetnaden, og det er planta noko gran i nedre delar av lia ned mot Markhus.

Dei påverka elvelaupa renn til dels gjennom markerte bekkekløfter, og til dels gjennom meir ope terreng. Midtre delar av Miljateigselva er synleg i ein avgrensa innsynsvinkel frå Åkrafjorden. Nedre del av Skålneselva, frå litt ovanfor den gamle riksvegen og til sjøen, er relativt godt synleg frå Åkrafjorden. Dei to elvene er elles synleg frå den gamle riksvegen der denne kryssar elvene og elles i det nære elvelandskapet. Bortsett frå dei nemnde områda er elvene elles relativt lite synleg i det storskala landskapet.

I søknaden er det ikkje gjort noko verdivurdering av landskapet. I "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland" er fjordlandskapet langs sørsida av Åkrafjorden gitt middels verdi i temakart for fjordlandskap. Fjellområde Etnefjella søraust for Miljateigselva og Skålneselva er registrert med stor verdi i temakart over landskap med sårbare høgfjellsområde.

Fjellet over Markhus er eit mykje nytta område for tur og friluftsliv. Haugesund Turistforening har merka ei turrute frå Øvre Markhus til Sandvasshytta. Hytta har status som ei sjølvbetjent turistforeiningshytte og er eigd av Haugesund Turistforening. Hordaland fylkeskommune opplyser at Sandvasshytta har om lag 1000 overnattingar i året. Kor mange som kjem via DNT-ruta frå Markhus finst det ikkje statistikk på. Turruta mellom Markhus og Sandvasshytta følgjer høgdedraget like vest for Miljateigselva. Stien frå Øvre Markhus er den viktigaste og mest nytta stien opp i Etnefjella langs Åkrafjorden. Friluftsrådet Vest og Haugesund Turistforening har nyleg lagt til rette med ein ny parkeringsplass på Øvre Markhus for turistar som nyttar stien til fjells. I "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland" er Etnefjella søraust for Miljateigselva og Skålneselva, samt areala kring DNT stien mellom Markhus og Sandvasshytta, registrert som regionalt friluftsområde med stor verdi i temakart for friluftsliv. DNT-stien mellom Markhus og Sandvasshytta er også merka i temakartet. Det

går også ein tursti frå Skålnes via Skålnesstølen til Vierdalsvatn. Denne er ikkje merka av DNT og vert mest nytta av folk lokalt.

NVE vurderer utbygginga som svært omfattande til eit småkraftverk å vere. Sjølv om hovudinntak 2 og overføringsinntaka i Skålneselva og Fjellbekken vert bygd veglaust ved hjelp av taubane, samt at det vert fullprofilbora vassstunnel på ei delstrekning fram til inntak 2, vert inngrepa betydelege. To elver/vassdrag er planlagd utbygd med fire elveinntak. Fem kilometer (5090 m) elvestrekning vert påverka av utbygginga. Det skal leggjast over tre kilometer med tilløpsrøyr/tunnel (3120 m) mellom hovudinntaka og kraftstasjon. Skålneselva er tenkt overført til Fjellbekken via eit 400 mm PE-røyr med lengde 680 m. PE-røyet skal klamrast til fjellet på sida av Skålnesjuvet, for deretter å leggjast ope i dagen fram til Fjellbekken. Fjellbekken skal overførast til inntak 2 via ein kanal eller røyrgate på kring 125 m. Det skal vidare byggast veg opp til hovudinntak 1, og ein veg på 40 m ned til kraftstasjonen. Ved fjorden skal det sprengjast ut tomt til kraftstasjon og snuplass. I tillegg kjem mellombelse vegar fram til påhogg for tunnel og riggområde, og to mellombelse riggplassar for tunneldrivinga og base for taubanen.

NVE meiner at utbygginga vil få langt større omfang og konsekvens for landskapet enn det som kjem fram gjennom søknaden. Frå kote 195 og ned til kraftstasjonsbygningen ved fjorden skal det gravast ned dobbel røyrgate med dimensjonane 500 mm og 700 mm. Nedre del av røyrгатetraseen frå fjorden og opp til bilvegen til Øvre Markhus er bratt med ca. 30 graders stigning. Det må påreknast ein del sprenging då det er relativt lite lausmassar og ein del fjellparti/knausar som må forserast. Det må vidare sprengjast ut tomt til kraftstasjon og snuplass ved fjorden. NVE meiner at legging av nedre del av røyrgata med kraftstasjonstomt vil bli svært godt synleg frå Åkrafjorden.

Etablering av veg og legging av røyrgate vidare opp til inntak 1 på kote 395 vil også by på utfordringar med tanke på landskapet. Terrengtet er tidvis svært sidebratt og legging av røyrgate og veg vil gi godt synlege og skjemmande skjeringar.

Overføring av Skålneselva med PE-røyr i dagen vil bli lagt i eit ope terreng over tregrensa. PE-røyra vil truleg ikkje synast frå Åkrafjorden, men vil vere svært skjemmande i det nære landskapet for eventuelle turgåarar. PE-røyra vil vere godt synleg frå stien frå Skålnes på partiet nedanfor Skålnesstølen.

NVE meiner at utbygginga vil medføre fleire store inngrep som vil gi store og varige sår i landskapet, og at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak. Vi meiner at utbygginga vil få stor negativ konsekvens for landskapet, og vi legg stor vekt på dette i vår avgjerd.

Når det gjeld brukarinteresser så er det spesielt Etnefjella som regionalt viktig friluftsområde og innfallsporten via DNT-ruta mellom Markhus og Sandvasshytta som vert påverka. Inngrepa kjem ikkje i direkte konflikt med turruta, men inngrepa vil påverke landskapet og opplevinga av området. For friluftsliv er det også viktig å sjå den samla påverknaden av dei mange inngrepa i området. Stien frå Øvre Markhus er den viktigaste og mest nytta stien opp i Etnefjella langs Åkrafjorden. NVE meiner det er viktig å oppretthalde landskapskvalitetane langs denne turruta og legg vekt på dette i den samla vurderinga.

For reiselivet har Åkrafjordområdet eit stort potensial der fjordlandskapet er ei viktig ramme. I 2006 vart Åkrafjorden Landskapsark stifta. I samråd med prinsippa for Geoturisme ynskjer lokale næringsdrivande og grunneigarar i Åkrafjorden å utvikle området til å bli eit attraktivt reisemål. Ein turistattraksjon i området er ei eiga båtrute langs fjorden. NVE meiner at inngrep knytt til utbygging vil bli godt synleg i fjordlandskapet og vere negativt med tanke på turistsatsinga knytt til Åkrafjorden.

NVE meiner at brukarinteressene i området vil bli negativt påverka ved ei eventuell utbygging av Miljateig/Skålnes kraftverk.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Ambio Miljørådgivning AS har gjennomført kartlegging og vurdering av biologisk mangfald knytt til utbyggingsområdet. I samband med utgreiinga vart det registrert tre viktige førekomstar av biologisk mangfald som vil bli påverka av utbygginga; ein raudlista mose kysttettemose *Molendoa warburgii* (VU), og to bekkekløfter. Ei av bekkekløftene ligg i nedre del av Miljateigselva og den andre i nedre del av Skålneselva. Det vart elles funne dei raudlista treslaga ask (NT) og alm (NT) og eit område med naturtypen naturbeitemark ved Miljateigen. Når det gjeld områda med alm og ask vert det opplyst at dei truleg ikkje bli påverka av utbygginga. Det same gjeld naturbeitemarka som ikkje vil bli påverka direkte av tiltak i samband med utbygginga.

Bekkekløfta i Miljateigselva har fleire små og større fossar og fossefall. I tilknytning til desse førekjem meir eller mindre utvikla føsserøyksoner. Dette gjer at lokalklimaet i kløfta nokre stader er svært fuktig. Feltsjiktet er relativt frodig og mosefloraen er relativt artsrik. Grunna rikt miljø og høg lufråme vert bekkekløfta vurdert til å ha eit visst potensial for førekomstar av raudlista mosar og lav. Det vart ikkje funne sjeldne eller raudlista artar i kløfta. Bekkekløfta i Miljateigselva blir vurdert til middels verdi (B).

Bekkekløfta i Skålneselva er mindre artsrik, men her er den raudlista kysttettemose *Molendoa warburgii* (VU) funne i nedre del av Skålneselva. Mosen veks på fuktige bergveggar nedanfor ein foss like over der E134 kryssar elva. Kysttettemose er tidlegare berre kjent frå fire lokalitetar i Noreg og må reknast som svært sjeldan. Området med den raudlista kysttettemosen vert vurdert til å ha middelsstor verdi. Samla vert bekkekløfta i Skålneselva vurdert til middels verdi (B).

Ambio vurderer at førekomsten av kysttettemose ligg så langt nede ved fjorden at lokaliteten vert sikra ei viss vassføring frå restfeltet som er relativt stort. Restvassføring saman med overlaup og slepp av minstevassføring gjer til at arten truleg kan overleve ei utbygging av Skålneselva. Ambio understrekar likevel at dette er ei svært usikker vurdering, og at tiltaket truleg vil redusere førekomsten eller forverre vekst- og levevilkåra for arten. Verknadssomfang og konsekvens vert vurdert til middels negativ for den raudlista kysttettemosen. Når det gjeld dei to bekkekløftene vurderer Ambio at begge kløftene truleg vert negativt påverka av redusert vassføring. Då begge bekkekløftene ligg i nedre del av elvene vil restfeltet sikre ei viss vassføring i tillegg til overlaup og slepp av minstevassføring. I kløfta i Skålneselva som har eit stort restfelt vil restvassføringa vere relativt stor i forhold til den totale middelvassføringa, medan den vil vere låg i Miljateigselva. Det vert antatt at utbygginga i noko grad vil redusere artsmangfaldet og forverre vekst og levevilkåra for ein del artar. Verknadssomfanget vert av Ambio vurdert til i overkant av middels negativt for bekkekløfta i Miljateigselva og i underkant av middels negativt for bekkekløfta i Skålneselva.

Når det gjeld moglege avbøtande tiltak skriv Ambio at verknadane av den planlagde utbygginga truleg vil bli størst knytt til bekkekløfta i Miljateigselva. Ambio meiner at det bør vurderast å sleppe ei minstevassføring som er større enn den planlagde 5-persentilen ved tunnelinntaket og inntaket ved kote 395 (inntak 1 og 2). Hordaland fylkeskommune meiner at det må vurderast slepp av ei større minstevassføring for å sikre den raudlista kysttettemosen og verdien knytt til bekkekløftene. Fylkesmannen meiner det er nødvendig å overvake førekomsten av kysttettemose for å ha betre kunnskap om arten vil tole redusert vassføring, jf. naturmangfaldlova § 9.

NVE vurderer at tiltaket med stort sannsyn vil påverke den raudlista og svært sjeldsynte kysttettemosen (VU), og at også to bekkekløfter av middels verdi (B-lokalitetar) vert negativt påverka. NVE legg dette til grunn i vår samla vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Akvatisk miljø

Det er registrert aure i høgareliggende vatn oppstraums dei aktuelle utbyggingsområda. Elvene på utbyggstrekket er elles for bratte til å kunne ha fiskebestandar. På grunn av dei bratte elvelaupa vert det vurdert at det er lite sannsynleg at det finnast andre vasstilknytte artar av spesiell verdi. Då det ikkje er registrert spesielle eller sjeldsynte artar til området vurderer Ambio verdien av det akvatiske miljøet til liten. NVE er samd i denne vurderinga.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Miljateig/Skålnes kraftverk legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 02.11.2014. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Miljateig/Skålnes kraftverk fins det ein raudlista mose, kysttettemose *Molendoo warburgii* (VU), og to bekkekløfter verdsatt til middels verdi (B). Ei eventuell utbygging av Miljateigselva og Skålneselva vil etter NVE si vurdering ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. Det er likevel noko usikkerheit knytt til korleis kysttettemosen og andre fuktkrevjande artar vil klare seg.

NVE har også sett påverknaden frå Miljateig/Skålnes kraftverk i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Det føreligg ikkje noko samanliknande studium av småvassdraga i Åkrafjorden, så det er vanskeleg å konkludere med at andre vassdrag inneheld dei same verdiane som er knytt til Miljateigselva og Skålneselva. Landskapet kring Åkrafjorden er svært variert og det er kjent at botaniske førekomstar, artar og samfunn, endrar seg frå kyst til innland og frå fjord til fjell. Gjennomført utgreiing av biologisk mangfald i nokre av elvane i Åkrafjorden; Kvanndalselva, Djuvselva, Ripelselva, Markhuselva, Skålneselva og Miljateigselva, viser til dels store forskjellar frå elv til elv, med stor variasjon i geomorfologisk utforming, landskapets eksposisjon og dermed ulike forhold for natur og biologisk mangfald.

I samband med naturtypekartlegging i kommunen, bekkekløftprosjektet og undersøkingar i samband med småkraftutbyggingar, så er det i Naturbasen per i dag registrert seks lokalitetar med naturtypen «bekkekløft og bergvegg» knytt til Åkrafjorden (frå Åkra/Holaneset til Fjæra). Bekkekløftene i Miljateigselva og Skålneeselva utgjer to av desse. Av dei seks kartlagde bekkekløftene er det to som er gitt løyve til å byggje ut. Det er lokalitetane Tretteteig (overført til Rafdal kraftverk) og Ripelselva (eige vedtak i dag). For lokaliteten Kvanndalselva (nordsida) har NVE ikkje gitt løyve til utbygging. Den siste lokaliteten Trollagjuvet like vest for Rafdal er det etter det NVE kjenner til ikkje planar om noko utbygging. NVE har freista å ta omsyn til samla verknad for naturtypen bekkekløft og bergvegg

for å sikre verdier knytt til denne naturtypen. Eit eventuelt avslag til Miljateig-Skålnes kraftverk vil sikre ytterlegare to bekkeløfter med ein viss verdi.

Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggas særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i sjølve tiltaksområdet. Det vert elles vist til at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd og til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom NVE gir konsesjon vil vi setje som eit krav at eventuelle funn blir tatt omsyn til.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det er i dag ikkje kapasitet til å ta i mot krafta frå anlegget. Det er gitt løyve til utbygging av ny 66 kV kraftline som skal byggast av Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL). Denne utbygginga vil utløyse nettilknytning for fleire kraftverk. Det er i følge søknaden avklart at når denne lina er på plass kan Miljateig/Skålnes kraftverk knyta seg på lokalt nett som ligg ved tunnelmunningen på E134, tilhøyrande Skånevik Ølen Kraftlag.

I tillegg til Miljateig/Skålnes kraftverk er det mange søknader om vasskraftverk til behandling rundt Åkrafjorden. Krafta frå desse kraftverka skal eventuelt inn på same overføringsleidning. Det er svært avgrensa med ledig kapasitet i dagens nett. Dersom fleire av dei planlagde kraftverka kring Åkrafjorden blir realisert vil det difor vere naudsynt å bygge ny overføringsleidning med større kapasitet. Kostnadane ved ein slik leidning må fordelast mellom kraftverka. Tilleggskostnadane per kraftverk blir høgare jo færre kraftverk som kan vere med å dele på utgiftene. Avslag eller redusert utbygging ved nokre av dei omsøkte prosjekta rundt Åkrafjorden vil difor påverke den totale utbyggingskostnaden for dei prosjekta som eventuelt får konsesjon. Blir tilleggskostnadane for ny overføringsleidning for høg per kraftverk kan dette gjere til at utbygginga vert ulønsam. Dersom det vert gitt konsesjon til for få av prosjekta i kring Åkrafjorden, vil ikkje ny overføringsleidning kunne realiserast og heller ikkje dei prosjekta som får konsesjon vil bli realisert. Derfor kan ikkje vurderingane av dei ulike konsesjonssøknadene etter vassressurslova skje uavhengig av spørsmålet om ny overføringsleidning. Dersom ein ynskjer at delar av kraftpotensialet i dette området skal byggjast ut er det avgjerande at det blir gitt konsesjon til tilstrekkeleg mange prosjekt. Samstundes kan ikkje omsynet til nett-tilgang for andre kraftverk åleine vege så tungt at det skal ha avgjerande verknad i våre konklusjonar når vi meiner at tiltaka vil vere krevjande for allmenne interesser.

Dei ulike kraftverksprosjekta vert fremja av ulike aktørar, og det er knytt usikkerheit til om prosjekta som får løyve vert realisert. Det er difor ikkje mogleg å få ei fullstendig oversikt, men NVE vil vurdere vedtaka som skal treffast i dei andre prosjekta opp mot vårt vedtak til Miljateig/Skålnes kraftverk.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Miljateig/Skålnes kraftverk vil gje 19,5 GWh i eit gjennomsnittså. Denne produksjonsmengda vert rekna som stor for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer samla eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar og grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Miljateig/Skålnes kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 19,5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er stor for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2011–13) har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Miljateig-Skålnes kraftverk vil medføre betydelege terrenginngrep i eit fjordlandskap med verdi for friluftsliv og reiseliv. Vi har og vektlagt at tiltaket påverkar ein viktig innfallsport til viktige fjellområde og reduserer villmarksprega naturområder. NVE meiner at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak som vil redusere terrenginngrepa og verknad for landskap, friluftsliv og reiseliv. NVE har og lagt vekt på at tiltaket kjem i konflikt med ein raudlista art (VU – sårbar) og to naturtypar av middels verdi (B).

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved bygging av Miljateig-Skålnes kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt, og vi avslår difor søknaden frå Miljateig Skålnes Kraft AS om løyve til å bygge Miljateig-Skålnes kraftverk.

Vedlegg: Oversiktskart

Vedlegg 1. Oversiktskart

